

Rylandshøgda Velforening
v/ leiar Steffen Fløysand Berland
Rylandshøgda 20
5917 ROSSLAND

Meland Kommune
Plan, utbygging og kommunalteknikk
Postboks 79
5906 FREKHAUG

10.04.2019

Krav om fartshumper på internveg i Rylandshøgda byggjefelt

Rylandshøgda Velforening vil med dette leggje fram krav om fartshump/trafikksikringstiltak i byggjefeltet på Rylandshøgda. Krav om dette har tidlegare vore sendt kommunen utan at dette vart prioritert den gongen.

I byggjefeltet er det bilveg til alle bustadar. Det er mykje trafikk til bustadane her, og det er diverre ikkje alltid at bilane heldt ei forsvarleg hastighet på ein veg som store delar av dagtida er nytta av små og store born. Det har no komen fleire born i området, og vi vel derfor å framsetje vårt krav på ny i håp om at det denne gongen kan prioriterast eit trafikksikringstiltak her hjå oss.

Mellom husa her, på vegen, leikar born store delar av dagen. Bilvegen i feltet er òg nytta som gangveg for born som er på veg til og frå skule, idrettsanlegg, vene og kultur- og fritidstilbod. I tillegg nyttar skulen vegen ofte, då dei til dømes tar med seg skuleklassar til fotballbana i Leirdalen for å ha gymnastikk. Det same kan ein seie om barnehagen, som fleire gongar i veka går tur på desse vegane og gjerne nyttar leikeplassen som ligg inne i feltet. Både barnehagen og skulen har fått lese brevet, og begge stiller seg bak innhaldet.

I områdeplanen vår, ser vi at det vil kome mange fleire bustadar både inne i byggjefeltet og i nær tilknyting til dette. Det vil sjølv sagt medføre ei auke i både biltrafikk inn og ut på desse vegane, men også ei auke i talet av born som kjem til å ferdast her. Vi er redde for at ein vil kunne oppleve ei ulukke, om ein ikkje treff tiltak for å redusera risikoen for dette. Konsekvensen av ei slik ulukke, har vi ikkje lyst å oppleva.

Rylandshøgda Velforening ynskjer å ta vekk moglegheita for å oppnå ein uforsvarleg høg hastighet på vegane inne i byggjefeltet. Det klart mest effektive verkemiddelet for å oppnå dette, er å få fartshumper som er riktig dosert slik at bilane ikkje får strekke nok til å akselerere. Vi bed kommunen om å hjelpe oss med å få dette på plass, slik at borna vore kan halde fram med å leike utandørs, gå til og frå skule og kome seg på aktivitetar i fritida – utan å utsetje seg for ein uakseptabel og godt kjend risiko.

På vegne av Rylandshøgda Velforening,
Steffen Fløysand Berland,
Styreleiar